

Peder-brødet suksess i Uskedalen?

03.02.2015



Kari Ljosnes, brødansvarleg på SPAR, kan frista med 5 sorter Peder-brød

Hugsar du Uskedalsbrødet? Det vart baka av uskedelingen Jan Eik frå 2009. Det året vart det sold 4500 uskedalsbrød, men nokon knallsuksess vart det vel eigentleg ikkje. No er eit anna spennande brødsal på gang i bygda. Brød baka av Peder Sjo Slettebø er til sals på SPAR - og det ikkje færre enn 5 sortar. Kan den mangfaldige Peder vinna både marknaden og valet i vår bygd til hausten?

Brødansvarleg Kari Ljosnes opplysar til uskedalen.no at Peder kom inn med brødet sitt hos oss etter at Sunde Bakeri slutta for eitpar veker sidan. Peder leverer grovbrød, speltbrød, kneip, wittenberger og maishorn og det betyr at SPAR kan frista med tilsaman 25 sortar.

5 av dei er slike som har kome inn som halvfabrikata og er steikt i Uskedalen. Korleis Peder-produkta slår an er det førebels altfor tidleg å slå fast, men ein heilt uformell rundspørjing hos ein frufast kundetrio var ikkje direkte lovande. Og dei forsikra at ein smule skepsis ikkje hadde noko med valet å gjera!

Det er i alle fall ein tradisjonsrik bedrift som no prøver seg i ei bygd som ein gong hadde 4 bakarar. På posane kan ein lesa at Peder Bakar starta i 1913! I tillegg til bakeriet på Halsnøy har dei ein avdeling i Rosendal. Han har forresten bak seg ein suksess i bygda vår, men den var som vikarierende organist!

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen